

Referat frå drøftingsmøte 16.12.22 på Zoom

Tilstades (heile eller delar av møtet):

Arbeidsgjevar:

Tage Båtsvik Organisasjonsdirektør

Wenche Fjørtoft Avdelingsleiar HR

Wiggo Hustad (Avdelingsleiar OUD)

Paul Manger (Prosjektleiar Campusprosjektet)

Arbeidstakar:

Tone Skjerdal Norsk Tjenestemannslag (NTL) / LO stat

Pål-Albert Olsen Akademikerne

Nina Samnøy bisitar Akademikerne

Eva Leirbæk Parat

Gjert Anders Askevold Forskerforbundet (FF)

Kristine Hjelle (Utdanningsforbundet) UTDF

Digital ambisjon 2022-2030

Wiggo Hustad innleia om ambisjon og prosessen vidare.

NTL: Kritikken handlar ikkje om at digitalisering ikkje skal føregå, men at ein må sjå på konsekvensane. Det bør koma betre fram kva prosess som ligg bak dokumentet, sidan det kan trygga oss på at dei ulike sidene er diskutert.

Org.dir: Grunnlaget for tenkinga ligg forankra i arbeidet med dokumentet. Det er eit strategisk dokument som gir strategiske føringar. Vil vere behov for å operasjonalisere vidare.

Avdelingsleiar OUD: Styringsdokumenta kjem frå nasjonalt hald, mellom anna regjeringa.

Diskusjonen vidare må vise korleis HVL møter desse utfordringane. Vi slepp ikkje unna eit dokument som følg opp den nasjonale strategien.

Vi kan ikkje berre kikke bakover, men også sjå kva som møter oss.

Parat: Digitaliseringskultur - viktig å ha fokus på det. Vi kan få ulike måtar å gjere dette på når det blir delegert ned i organisasjonen.

Digitaliseringsrådet er svært topptungt, ha med tilsette og studentar. Medbestemmelse må ivaretakast.

FF: Kva status vil dokumentet få? Korleis gå vidare med dette arbeidet? Kva med risiko og kritisk debatt?

UTDF: Viktig at HVL tek opp digitaliseringa. Er uroa for innhaldet i planen. Vi må tenke kritisk rundt digitalisering. Framstår som at digitalisering er hovudmålet. Korleis blir det eigentlege målet ivareteke?

Akademikerne (AK): Fakultet kan tolke dette forskjellig. Hadde håpa at dokumentet var tydlegare og gje tydlegare retning. Korleis skal vi sikre at vi jobbar heilheitleg?

AK: Har ulike kulturar. Kan utvikle einingane i ulike retningar. Dokumentet bør vere samlande. Vanskeleg å få praktisert heilskapleg

Parat: Mykje av framtida er digital. Samstundes har vi fokus på levande campus. Må ha fokus på at tilsette og studentar er på campus.

Org.dir: Viktig poeng at vi driv heilskapleg. Faglinene sin natur er å gjere ting forskjellig. Er ikkje så oro for at ein vil jobbe noko ulikt, men ein blir sikra gjennom at ein har eit felles målbilde. Er eit stratgisk dokument som skal gje føringar til det vidare arbeidet. Vi utnytte teknologien til å utøve god kvalitet.

Avdelingsleiar OUD: Vi etablerer eit felles språk. Vi må bruke dokumentet til å bli medvitne om HVL sin kultur. Ha ein solid grunnmur. Skal understøtte verksemdsstrategien. Vi skal ha berekraftige campus og berekraftige utdanningar. Vi må utvikle digitalt sterke campus. Vi må samarbeide med arbeids og næringsliv i regionane rundt oss. Trur dokumentet gir konstruktive diskusjonar framover.

NTL: Sagn av den kritiske biten handlar ikkje om at ein er kritisk til digitalisering, men konsekvensane. Kven har vore inne i arbeidet? Korleis har ein kome fram til dette innhaldet. Spør etter dokumentasjon av prosessen for å sjå om dette er eit resultat av ein prosess.

Avdelingsleiar OUD: 220 deltakarar: leiarar og tilsette, repr frå studentar, arbeids og næringsliv. Grundige referat frå verkstadane. Grundige diskusjonar som ligg bak. Kompetansemessig og teknologisk utfordrande.

NTL: Må få fram prosessen på ei nettside.

Org.dir: Må vere prioriteringsdiskusjonar framover knytt til det digitale.

- 1) UTDF: Digitalisering er viktig også for å auke kvalitet. Dette dokumentet kan bli oppfatta som eit tiltak om å spare. Er redd for at dette dokumentet blir brukt i innsparing som td digital undervisning i staden for fysisk oppmøte. Undervisning med fysiske treff er spesielt viktig i profesjonsutdanningar som handlar om å vere i relasjon med andre menneske.

Avdelingsleiar OUD: Må gjere noko i høve innsparing i budsjettet. UH-sak gir nye utfordringar og eit anna behov.

AK: Vi tek i bruk digitale verkemiddel. Brukar digital undervising. Blir spart pengar gjennom digital undervising (ingeniørutdanningar). Til meir digitale verkty til meir arbeid og ikkje sparing.

Avdelingsleiar OUD:

Vi må sjå på korleis vi organiserer digitaliseringsarbeidet i dag. Det er for fragmentert

Mandat campusmøte

Prosjektleder for campusprosjektet gav ein kort introduksjon.

Fagleg organ som skal sørge for oppfølging av det som kom fram i arbeidet.

Parat. Har diskutert dette i eit informasjonsmøte der det også kom fram at campusmøtet skal vere eit fagleg organ. Består av fleire tilsettgrupper som ikkje blir omtalt i dokumentet. Korleis får vi fram alle sider ved campus?

Prosjektleder: Campusutvikling skjer kvar dag i alle einingar. Vi må myndiggjere ulike sider i organisasjonen Vil også kome innom areal og andre tilhøve. Dei administrative einingane skal også ha mynde på sitt område til å legge fram forslag.

Org.dir.: Hovudgrunngeving til å avgrense til det faglege. Det som er drivande for utvikling er den faglege aktiviteten. Det administrative arbeidet er også viktig for campus. Dei gamle campusråda vart for breie. Må ha fokus på det faglege. Dei andre sidene må ha andre arena, men vil likevel bety noko for campusutvikling.

Parat: Bør då ha ein anna arena for å ta opp dei administrative problemstillingane.

NTL: Kjenner godt igjen det som blir sagt av Parat. Er spent på korleis dette kjem til å fungere. Bør sette tidspunkt for evaluering og korleis det vil fungere.

- 1) UTDF: Fått innspel frå medlem: eit paradoks at dette rådet skal gje råd til faglege aktivitetar når tiltak vert avgjort på instituttmøte, som styrer etter prinsippet om at alt skal være likt på alle campus.

Org.dir: Campusmøtet skal handsame saker som krev samordning på tvers. Fagmiljø skal finne betre saman og det er positivt. Fellesaktiviteten på campus og som er tverrgående.

FF: Det som er viktig er økonomi, studietilbod og tilsettingar. Fagleg utvikling kjem ut frå dette. Ut frå saka skal campusmøta leiast av prodekanane. Korleis blir dette når ein ikkje sit tett på campus som leiar?

Org.dir.: Beslutning av studieportefølgje vil ligge til fakulteta. Men det kan også takast opp i campusmøta med fokus på det tverrfaglege. Leiing på anna campus enn der du har hovudarbeisplass.

Prosjektleder: er også utarbeidd av prodekanar for regional utvikling som er opptekne av alle campusane som har like mykje ansvar for alle campus.

Parat: Sakliste og referat må kome ut offentleg.

Det må informerast om mandat og samansetning av campusmøta.

Møte: Februar, mai og oktober